

## 40.000 frå kommunen til Festidalen

14.06.2007

**Kommunen har løyvd 40.000 kroner til Festidalen for dette året og det er eldsjelane som står bak festivalen svært godt fornøgd med. Tidlegare har dei fått 15.000 kroner frå Hordaland fylkeskommune.**

- På denne måten viser kommunen vilje til å støtta nok eit tiltak som har vist at det er liv laga, seier Morten Vevatne i festival-leiinga til uskedalen.no  
I brevet frå kommunen til Festidalen heiter det at denne festivalen er ein del av kommunen si særlege satsing på festivalar.

Sparebanken Vest har gjeve 25.000.  
Årets hovudsponsor er Noreq på Husnes.

Festivalen har fått meir enn dobbelt så mykje i sponsormidlar som i fjor, men så har den også ei langt høgare målsetting enn tidlegare, seier Eilif Myklebust.  
Likevel konstaterer festival-leiinga at dei har hatt ein lang veg å gå for å få inn sponsor-midlar. Leiinga hadde gjerne sett at fleire tunge aktørar i næringslivet i distriktet hadde vore viljuge til å bli med på laget og presiserer at det framleis er plass til dei....

Av Ola Matti Mathisen